



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtedato: 15.06.2015
Møtetid: 12:30 - 15:40
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:

Andre som var til stades på møtet:

Kultursjef Arnved Soldal Lund – heile møte
Kulturkonsulent Meline Heimdal Haugland under handsaminga av sak 003/15

Møteleiar:	Brigt Olav Gåsdal
Møtesekretær:	Arnved Soldal Lund

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	
Spørsmål/interpellasjonar:	Eldredagen – er Hagakyrkja tinga? I fjor vart ikkje eldredagen markert 1. oktober fordi Hagakyrkja var opptatt. For at det same ikkje skal skje i år må kyrkja tingas no. Leiar av Eldrerådet tar òg kontakt med dagsenteret som nyttar kyrkja for å avtale korleis ein kan løysa utfordringa med at dagsenteret er der når eldredagen er. Ny sjukeheim – Den nye sjukeheimen er i rute framdriftsmessig. Leiar har ikkje informasjon om ein held seg til budsjett.
Dokument utlevert i møtet:	

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 01.07.2015

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/15	15/454	Faste saker	
002/15	13/115	Frivilligsentral	
003/15	12/703	Den kulturelle spaserstokken - innspel til søknad	
004/15	13/783	Kommunereform - alternativ for vidare utgreiing m.m.	

SAKNR. 001/15
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

15.06.2015 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

ELD-001/15 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent, men møtet må verta varsla tidligare.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/15

FRIVILLIGSENTRAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

15.06.2015 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Fellesframlegg:

Eldrerådet kallar inn til eit ope møte der tema skal vera etablering av frivilligsentral i Samnanger. Møtet vert i september, og målet er å velja eit interimstyre som skal førebu skiping av frivilligsentral. Lag og organisasjonar i Samnanger får skriftleg innbyding. I tillegg skal det annonserast i Samningen.

Dato for møtet vert fastsett av kultursjef og leiar i eldrerådet. Dei står og for utlysing/innkalling til møtet.

Vedtaket vert meldt kommunestyret, slik at tidlegare kommunestyrevedtak om frivilligsentral kan opphevast.

Vedtaket var samrøystes.

ELD-002/15 VEDTAK:

Eldrerådet kallar inn til eit ope møte der tema skal vera etablering av frivilligsentral i Samnanger. Møtet vert i september, og målet er å velja eit interimstyre som skal førebu skiping av frivilligsentral. Lag og organisasjonar i Samnanger får skriftleg innbyding. I tillegg skal det annonserast i Samningen.

Dato for møtet vert fastsett av kultursjef og leiar i eldrerådet. Dei står og for utlysing/innkalling til møtet.

Vedtaket vert meldt kommunestyret, slik at tidlegare kommunestyrevedtak om frivilligsentral kan opphevast.

SAKNR. 003/15

DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN - INNSPEL TIL SØKNAD

15.06.2015 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Fellesframlegg:

Eldrerådet sluttar seg til sakshandsamar si tilråding om fordeling av midlar frå Den Kulturelle Spaserstokken (DKSS). Rådet er opptatt av at målgruppa for kulturtilbod for heimebuande vert utvida når det nye dagsenteret er ferdig og at det vert lagt til rette for at det vert eit reelt tilbod til flest mogleg.

Vedtaket var samrøystes.

ELD-003/15 VEDTAK:

Eldrerådet sluttar seg til sakshandsamar si tilråding om fordeling av midlar frå Den Kulturelle Spaserstokken (DKSS). Rådet er opptatt av at målgruppa for kulturtilbod for heimebuande vert utvida når det nye dagsenteret er ferdig og at det vert lagt til rette for at det vert eit reelt tilbod til flest mogleg.

SAKNR. 004/15

KOMMUNEREFORM - ALTERNATIV FOR VIDARE UTGREIING M.M.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune går vidare med fylgjande alternativ til utgreiing

- Samnanger åleine
- Samnanger, Kvam og Fusa
- Samnanger, Fusa, Tysnes og Os
- Samnanger, Vaksdal, Osterøy og Bergen

Utgreiinga skjer i samarbeid med dei aktuelle kommunane.

Kommunen søker fylkesmannen om tilskot, og desse vert saman med eigen innsats kommunen sitt bidrag i denne fasen. Dersom det viser seg at dette ikkje er tilstrekkeleg, må spørsmål om tilleggsløyving presenterast for politisk handsaming.

15.06.2015 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke.

Vedtaket var samrøystes.

ELD-004/15 VEDTAK:

Samnanger kommune går vidare med fylgjande alternativ til utgreiing

- Samnanger åleine
- Samnanger, Kvam og Fusa
- Samnanger, Fusa, Tysnes og Os
- Samnanger, Vaksdal, Osterøy og Bergen

Utgreiinga skjer i samarbeid med dei aktuelle kommunane.

Kommunen søker fylkesmannen om tilskot, og desse vert saman med eigen innsats kommunen sitt bidrag i denne fasen. Dersom det viser seg at dette ikkje er tilstrekkeleg, må spørsmål om tilleggsføring presenterast for politisk handsaming.

